

6-åringar på skuleveg



*Rettleiing til foreldre med barn
som skal begynne på skulen*

Førsteklassingane som trafikantar

**Det er store forskjellar i modning og erfaring hos barn på same alder.
Vi ser likevel nokre fellestrekk:**

- Dei er impulsive, leikande og let seg lett distrahere.
- Dei har lite trafikkerfaring.
- Dei har vanskar med å forstå alt dei ser og høyrer i trafikken.
- Dei er små av vekst, slik at det er vanskeleg å sjå og bli sett.
- Dei ser detaljar, men får ikkje med seg alle samanhengar.

Vi veit også at barn ikkje kan vurdere avstanden og farten til bilar som nærmar seg, og vi veit at dei ikkje alltid forstår at bilar kan dukke opp der dei sjølva ikkje kan sjå dei. Barn treng difor hjelp og opplæring for å bli gode trafikantar.

Før vi går over vegen skal vi sjå til begge sider. Det veit både barn og foreldre. Men trafikkopplæring handlar om meir enn reglar. Det handlar om å førebyggje ulykker i eit lengre perspektiv og om å danne gode haldningar. Det er lurt å sjå framover også. Det er ikkje lenge til førsteklassingen skal sykle i trafikken, og etter kvart køyre bil. Barna skal ferdas i trafikken resten av livet!

Her får de nokre råd om trafikktryggleik på skulevegen. Det er også mykje informasjon om skuleveg på www.tryggtrafikk.no

Juni 2016
Trygg Trafikk



Innhold

6-åringar på skuleveg

Øving gjer meister	5
Skulevegen - til fots	6
Skulevegen - i bil	9
Skulevegen - i buss	10
Når kan barn gå åleine til skulen?	12
Sykle samman.....	15



HUGS!
Bruk auga,
Bruk øyrene
Høyr på dei vaksne
øv mange gonger

Øving gjer meister

Vi ønskjer at barn skal bli gode og trygge trafikantar. Det må lærast. Barn lærer best når dei er i trafikken saman med ein vaksen.

Snakk saman om det de ser, høyrer og opplever. Gjennom repetisjon og samtalar utviklar barna evna til å tenkje, vurdere, tolke og forstå ulike trafikk-situasjonar.

- Snakk om korleis vi må bruke auga og øyre i trafikken. Då øver de på å gjere barna meir merksame på det som skjer rundt dei.
- Øv på å stoppe, sjå og høyre før de kryssar vegen. Då innarbeider de gode vanar.
- Sjå etter og snakk om andre trafikantar, skilt og signal i trafikken. Då skjønar barn lettare kvifor vi har trafikkreglar, og kvifor det er viktig å ta omsyn til andre trafikantar.
- Snakk om kva som kan vere trygt og farleg i ulike situasjonar. Då trenar de opp risikoforståinga og vurderings-evna til barna.

Skulevegen – til fots

Viss det er mogleg, bør barn gå til skulen. Fysisk aktivitet og frisk luft gjer barna meir opplagte på skulen. Jo fleire som går, jo færre bilar vert det på skulevegen, og det gjer at nærmiljøet vert tryggare og meir triveleg.

Mange stader kan dei yngste barna oppleve skulevegen som lang og for farleg. På sikt må det likevel vere eit mål at barna skal kome seg trygt til og frå skulen, utan at vaksne er med dei.

Øve på skulevegen

Det beste er å gå saman med ungane til og frå skulen. Viss det ikkje let seg gjere, ligg skulevegen der òg på ettermiddagar og i helger, og det går fint å øve på skulevegen då.

Følgjeordning

Foreldre eller andre vaksne samarbeider og følgjer barna til skulen kvar sine dagar.

Alternative vegar

Ta den tryggaste vegen til skulen. Nokre stader kan det vere tryggare å gå til dømes stiar eller gardsvegar, sjølv om det kan verte litt lengre.

Gå ein del av vegen

Vurder om du kan stoppe bilen eit stykke frå skulen, slik at barnet kan gå det siste stykket åleine eller saman med andre barn.

Den
kortaste
vegen er ikkje
alltid den
tryggaste!





Barn skal sikrast i tilpassa barnesikringsutstyr til dei er 135 cm høge.

Skulevegen – i bil

Ved skulestart og skuleslutt kan trafikken ved skulen vere kaotisk. Området ved skulen er ofte lite tilpassa dagens trafikk. Den aukande biltrafikken skaper mange farlege og lite oversiktlege situasjonar for elevane. Vurder om du verkeleg treng å køyre barna dine til skulen.

Gode råd til foreldre som køyrer:

- Køyr sakte ved skulen, og ver spesielt merksam på at det kan kome barn frå alle kantar.
- Pass på at du parkerer på ein måte som ikkje skapar farlege trafikksituasjonar.
- Stopp og parker der skulane seier at du skal gjere det.
- Parker aldri på gangfelt eller fortau.
- Unngå rygging ved skulen.
- Pass på at både du og barna er godt sikra i bilen.

Trygg Trafikk
har laga ei rettleiing
til «Særleg farleg
skuleveg» som kan
lastas ned frå
www.tryggtrafikk.no

Skulevegen – i buss

Førsteklassingar som bur meir enn to kilometer frå skulen har rett til gratis skuleskyss. Frå andre klasse er denne grensa fire kilometer. Viss skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg kan elevane få skyss uavhengig av veglengda.

Barn som tek buss må lære:

- kvar dei skal stå og vente på bussen
- at dei må stille seg opp slik at bussjåføren ser dei i god tid
- at dei skal sitje roleg i setet sitt, med sekken på fanget
- at dei skal bruke bilbelte
- at dei aldri må gå over vegen før bussen har køyrt

På YouTube-kanalen til Trygg Trafikk ligg det ein film om barn og skulebussar. Det kan vere nyttig å sjå og snakke om denne filmen.



Når kan barna gå åleine til skulen?

Det kjem an på skulevegen, og kor modne barna er. Før barna kan gå åleine, må dei øve på skulevegen. Kor lang tid dette tek, er avhengig av kor store utfordringar det er på skulevegen, og korleis barna taklar desse.

Barn må vite akkurat kvar dei kan gå, kvar dei skal stoppe, og kva dei må sjå etter før dei kryssar vegen. Barna må gradvis få meir ansvar for eigne val og vurderingar. Gå saman med barna til dei kjenner seg trygge og meistrar utfordringane dei møter. Før barna går heilt åleine kan det vere lurt å gå eit stykke bak dei, slik at du kan følgje med på det som skjer og kan gripe inn viss det trengst.

Hugs at vinteren og mørketida fører med seg nye utfordringar. Gå gjerne saman med barna fleire gonger gjennom året, og snakk om utfordringane langs vegen.

Hugsereglar

Dette er nyttige reglar som ungane kan lære. Reglane kan òg vere utgangspunkt for samtalar om trafikk.

> Bruk auga!

I trafikken må du alltid sjå deg godt føre.

> Bruk øyra!

Du kan ikkje sjå alle bilane som kjem. Høyr etter om det kjem bilar rundt svingen, bak husa, eller over bakke - toppen.

> Stopp opp!

Før du kryssar ein veg må du alltid stoppe opp. Sjå deg føre, høyr etter, og sjekk at det er klart.

> Bruk refleksvest!

Den gule fargen gjer at du er godt synleg i dagslys, og i mørkret lyser refleksstripene når det kjem bilar. Du er tryggare når andre kan sjå deg.





Sykle saman

Nokre har enkle og oversiktlege skuleveggar, medan andre må forholde seg til meir krevjande trafikk. Trygg Trafikk tilrår at barn må ha god balanse, kunne snu hovudet og stanse, gje teikn og kjenne grunnleggjande trafikkreglar før dei kan sykle åleine.

Barn lærer best å sykle i trafikken når dei sykklar saman med vaksne. Då får dei erfaringar og lærer kva som er trygt. Ta utgangspunkt i eige nærmiljø og

knytt sykkelopplæringa til aktuelle utfordringar på skulevegen. Gradvis meistrar barna å sykle åleine i trafikken.

Tips til foreldre:

- Ver ein god rollemodell
- Vurder skulevegen til barnet ditt
- Sykle saman med barna til skulen
- Organiser sykkelgrupper
- Følg skulen sine felles reglar
- Sørg for at syklane til barna har rett utstyr
- Sjekk og vedlikehald sykkelen regelmessig

Sykel-
tryggleik gjev
sykkelglede



«Øving gjer meister
– også i trafikken»

Denne brosjyren kan lastes ned fra www.tryggtrafikk.no



TRYGG TRAFIKK

TRYGG TRAFIKK
Postboks 277 Oslo Sentrum
0103 Oslo
Tlf: +47 22 40 40 40

www.tryggtrafikk.no